



# UNIVERSITETET I OSLO

Forskarforbundet ved UiO  
NTL ved UiO  
Parat ved UiO  
Akademikarane ved UiO

Dato: 15.03.2022  
Dykkar ref.:  
Vår ref.: 2010/6143AUDJS

## Referat frå informasjons- og drøftingsmøte 15.03.2022

Frå organisasjonane

- Elin Arntzen og Marie Sørhaug - NTL
- Mattias Solbakken og Hilde Spjelkavik Kveseth - Akademikarane
- Liv Tone Måseidvåg og Maren Ringstad - Forskarforbundet
- Mari Gakkestad - lokalt hovudvernombod

Frå fakultetet:

- Anne Julie Semb - dekan
- Gudleik Grimstad - fakultetsdirektør
- Aud-Jorunn Sandal - referent

Innkallinga vart godkjend.

Sakspapira til fakultetsstyremøte 18. mars: [Innkalling til møte i fakultetsstyret 18. mars 2022 - Det samfunnsvitenskapelige fakultet \(uio.no\)](#)

## Drøftingssaker

### 1. Evaluering av det lokale partssamarbeidet

Notat frå personaldirektøren til fakultetet av 16.12.2021 var lagt ved innkallinga.

Organisasjonane synes det er problematisk at sakspapir til IDF-møtet vert ettersendt så lenge møtet i utgangspunktet er så tett opp mot fakultetsstyremøtet. Vidare er det stundom rot i innkallinga ved at nye tillitsvalde ikkje vert innkalla. Vidare er det ei føremon om innkallinga også kjem i Outlook og ikkje berre på e-post.

Når det gjeld samarbeidet opplever ein å ha god dialog og diskusjon i møtet, men ein skulle gjerne sett



av meir tid til å diskutere saker der ein ikkje er samde i saka, og at dette også i større grad kjem meir utfyllande til uttrykk i referata.

Organisasjonane ga elles uttrykk for at dei meinte dialogen med fakultetet var god og at ein hadde inntrykk av at leiinga var oppteken av å ta vare på dei tilsette.

Fakultetsdirektøren seier ein strekk seg langt i å få sakene ut i tide, men stundom jobbar ein med desse heilt opp mot fakultetsmøtet, og då gjerne i saker som omhandlar økonomi. Ein vil prøva å få alle saker klar til innkallinga, men ein vil nok også i framtida måtte oppleve at enkelte saker vil bli ettersendt.

## 2. Møteplan IDF for 2022.

Møteplanen vart godkjent, men Forskarforbundet ba om at fakultetet fann ein ny dato for møtet den 26. april då heile forbundet var på heildagsseminar 25. og 26. april.

Vidare ba Akademikarane at eventuell ekstraordinære IDF-møte blir lagt til dei faste møtetidene tysdagar klokka 9.

## 3. Dimensjonering av ARENA

Dekanen orienterte om forslaget som vert lagt fram for styret der ARENA vert vidareført som eiga eining direkte under fakultetet, og der ein ikkje tilfører ekstra midlar for å dekkja ARENA sitt akkumulerte underskot.

Forskarforbundet påpeiker at dei tilsette ved ARENA har hatt ein usikker situasjon over mange år og ein er uroa for dei tilsette ved ARENA, noko ARK-undersøkinga stadfestar. Fakultetsstyret har bedt fakultetet leggja fram eit forslag som gjev ei varig og stabil løysing for ARENA, men Forskarforbundet kan ikkje sjå at fakultetet sitt forslag bidreg til dette. ARENA vil dra med seg underskotet og med dette også liggja bakpå i tida framover.

Dekanen seier at det no er opp til styret om dei meiner om forslaget gjev ARENA ei varig og stabil løysing. Fakultetet har gjennomgått langtidsprognosane med leiinga ved ARENA, som meiner at ARENA har så god kompetanse i sitt fagmiljø at dei i framtida vil kunne kome godt ut i konkurranse om eksterne forskingsmidlar.

## Informasjonssaker

### A. Fakultetsstyremøtet 18. mars.

Organisasjonane hadde ikkje merknader til dei resterande sakene.

### B. Status oppussing Eilert Sundts Hus

[Rehabilitering Eilert Sundts hus - For ansatte - Universitetet i Oslo \(uio.no\)](https://www.uio.no/rehabilitering-eilert-sundts-hus)

Fakultetsdirektøren orienterte om at framdrifta går som planlagt, og ein tek sikte på at ein er på plass igjen i ESH ved årsskiftet 22/23. Vidare planlegg ein eit allmøte den 21.april, og at dette vil bli halde via



Zoom sidan dei tilsette sit i mellombelse lokale og ikkje er samlokalisert.

NTL tek opp at dei mellombels lokala i Nydalen gjev dårlege arbeidsforhold, og spesielt for dei tilsette ved statsvitskap. Verneombodet er også uroa for forholda i Nydalen for dei tilsette.

Fakultetsdirektøren fortel at det er Eigendomsavdelinga ved UIO som føl dette opp, men ein er kjent med både dårleg ventilasjon, støy grunna cage ball-bane i etasjen over, og omfattande byggjearbeid i området.

Verneombodet minner om at vernelinja framleis bør medverke i planlegginga av oppussinga av ESH for element/prosessorar som har innverknad på arbeidsmiljøet, og påpeikar at dei ikkje har vore invitert inn på ei god stund.

NTL spør om kven som bestemmer kven som skal sitja kvar i ESH.

Dekanan fortel at det er opp til leiinga ved grunneiningane å fordele kontor, men at fakultetet tidlagere har vedteke nokre overordna føringar om kven som skal prioriterast. Vidare har ein ei pragmatisk tilnærming til dette, då ein også har andre omsyn ein må ta som dimensjonering av kvar etasje sett i samanheng med rømningsvegar, Ein må kanskje også gjera noko med fordelinga mellom dei ulike einingane, då enkelte har vakse mykje den siste tida og ein også må ta høgde for at fakultetet kan få eit nytt SFF.

C. Status for oppfølging av Arbeidsmiljø- og klimaundersøking (ARK) 2021:

[Arbeidsmiljøundersøkelsen ARK - For ansatte - Universitetet i Oslo \(uio.no\)](https://www.uio.no/ark)

Fakultetsdirektøren fortel at alle einingane har gjennomført ARK og at ein er no i gang med å følgja opp undersøkinga ute på einingane. Dei ulike einingane er kome litt ulikt langt i prosessen. Fakultetet vil vente til alle einingane har følgt opp undersøkinga og utforma tiltak og koma attende til ARK med ei oppsummering av dette arbeidet, vonaleg alt på neste IDF-møte.

D. Status for organisasjonsutvikling av UiOs IT-funksjon (UiO:IT):

[Organisasjonsutvikling av UiOs IT-virksomhet, oppfølging og implementering - For ansatte - Universitetet i Oslo](https://www.uio.no/it)

Fakultetsdirektøren fortel at ved SV ser ein for seg ei sentralisering med eit par unntak, som gjeld IT som er tett integrert med den faglege verksemda (EILIN, forskings-IT på PSI og bestillarkompetanse ved fakultetet). Fakultetet har god dialog med prosjektleiinga for UiO:IT-prosjektet. Det er venta at ein versjon 3 av forslag til orgnaisering vil ligge føre i løpet av kort tid.

Verneombodet spør korleis informasjonen har gått ut til dei tilsette lokalt.

Fakultetsdirektøren fortel at det er seksjonsleiar Mari Anne Ramstad held i denne saka ved fakultetet og



som syter for å orientere dei IT-tilsette. Fakultetet har ikkje fått tilbakemelding om at det er uro blant dei tilsette for ny organisering.

## E. Status for arbeidet med organisering av kommunikasjonsarbeidet ved fakultetet.

Fakultetsdirektøren fortel at det er seksjonsleiar Johannes Elgvin som følger opp saka og gjennomfører møte med alle institutta. Ein er spesielt merksam på om det er oppgåver som i dag vert gjort ute ved einingane i dag og som ein ikkje har lagt inn i arbeidsoppgåvene til den nye sentraliserte eininga ved fakultetsadministrasjonen. Vidare så skal ein ha dialog med dei tilsett og sjå korleis dei ulike personane kan innplasserast i den nye eininga. Ein tek sikte på at den nye kommunikasjonsavdelinga ved fakultetet skal vera i drift frå hausten 2022.

Akademikarane ser at dette vil ha innverknad for dei tilsette ved at ein får ei profesjonalisering av kommunikasjonstenestene ved fakultetet.

## F. Status C-REX

Dekanen fortel at C-REX er vorte samlokalisert med ARENA under ombygginga av ESH og at dei har trivst med dette. C-REX er eit mellombels senter som er inne i sin andre periode og har sluttdato i 2025. Dei tilsette vil etter prosjektslutt då gå over i andre faste stillinga ved UiO og utanfor, i tillegg til at det er ein del stipendiatar og postdoktorar som er i tilsett på åremål. C-REX har høg aktivitet og har lukkast godt i sitt formidlingsarbeid.

Forskarforbundet spør korleis C-REX har hatt det under Institutt for statsvitskap.

Dekanen fortel at det i all hovudsak har fungert godt, men at C-REX har uttalt at dei gjerne skulle hatt sitt eige styre og helst ikkje vera underlagt instituttstyret ved ISV.

## G. Personalsituasjonen

- 1. juni tiltrer Jannicke Helen Monsen i nyoppretta stilling som HR-leiar ved fakultetet
- Brita Langeid har byrja i vikariat som kontorsjef ved SAI
- Kontorsjefen ved ØI har sagt opp stillinga og ein vil om kort til lysa ut denne faste stillinga.

Elles er det generelt stor bevegelse i den administrative staben. Arbeidsmarknaden er god og då er det mange som søker nye oppgåver.

## H. Eventuelt: Forskarforbundet spør korleis fakultetet føl om dei tilsette no med ein pågåande krig i Ukraina.

Dekanen fortel at UiO sentralt var raskt ute og lokaliserte tilsette med ukrainsk og russisk statsborgarskap og informerte einingane dette gjaldt. I tillegg har ein andre tilsette som har engasjert seg sterkt i saka. UiO har avslutta alt samarbeid med Russland på institusjonelt nivå, men forskarar kan



framleis ha ein til ein kontakt med russiske kollegaer.

UiO har hatt studentar i Russland, men desse har no returnert. I tillegg er det studentar ved UiO frå både Russland, Ukraina og Kviterussland som ein prøver i ivareta. Rektoratet har hatt møte med dei ukrainske studentane og planlegg også møte med dei russiske studentane.

Akademikarane spør korleis UiO vil handtere at ein har ukrainske studentar som i teorien skal heim igjen etter vårsemesteret, og ein kan vel ikkje senda desse heim til ei krigssone. Det er viktig at ein raskt får informasjon ut til denne gruppa.

Dekanen fortel at UiO må belage seg på å få studentar med flyktningstatus.

Verneombodet informerer at apparatet kring SI-fra systemet skal være særskild merksame på varslar som kan gjelde trakassering grunna krigen.

NTL ber om informasjon om tilleggsundersøkinga dei har gjort ved PSI i samband med ARK. Dei vitskaplege er einsidig spurt om kor nøgde dei er med dei administrative tenestene ved instituttet. NTL lurar på kvifor dette er gjennomført, kva skal det brukast til? Ein stiller også spørsmål utfordringar knytt til anonymisering sidan fleire oppgåver kanskje berre blir utført av ein person.

Fakultetet vil koma attende til IDF med informasjon når ein har fått undersøkt saka.

Med helsing

Gudleik Grimstad  
fakultetsdirektør

Aud Jorunn Sandal  
seniorrådgjevar

Dette dokumentet er godkjent elektronisk ved UiO og er derfor ikkje signert.

Saksbehandlar:  
*Aud Jorunn Sandal,*  
*a.j.sandal@sv.uio.no*